



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmannen/Olav Mongstad

Vår referanse: 14/1644 - 21 / FA - Q31

Dato: 01.08.2016

Namn på bruer i Austrheim

Namn på bruer i Austrheim

Austrheim vil reisa namnesak om namn på bruer i Austrheim. For bruer som ligg på kommunale og private vegar, er det kommunestyret som vedtek namnet. For dei bruene som ligg på fylkesveg, vil Austrheim kommune fremja namneforslag til Hordaland Fylkeskommune som gjer endeleg vedtek om namna.

Namna som vert føreslått frå rådmannen i Austrheim er i hovudsak bygd på å gi namn etter øya brua går uti frå eller over til. Nokre av namna tar likevel utgangspunkt i straumen brua går over. Når det gjeld bru nr. 15, er det ikkje vedtatt offisielt namn på brua i følge Statens Kartverk. Det namnet vert derfor tatt med i denne omgang og. Radøy kommune skal og gi innspel til namn på den brua.

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	Bakkøybrua
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	Kilstraumbrua
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	Ulvøybrua
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	Bukkholmbrua
Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	Kovesundbrua
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	Lauvøybrua
Brua mellom Bjørnøya og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	Bjørnøybrua
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	Sævrøybrua
Brua over til Lerøyna	9	Hordaland fylkeskommune	Lerøybrua
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	Synnevågbrua
Brua mellom Langøyna og Rotøyna	11	Austrheim kommune	Langøybrua
Brua mellom Rotøyna og Krossøyna	12	Austrheim kommune	Krossøybrua
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	Njøtebrua
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	Kusundbrua
Brua over Fosnstraumen	15	Hordaland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	Fosnstraumbrua

På kommunen si heimeside er det lagt ut eit høyringsframlegg. I det framlegget er det gitt meir opplysningar for grunnlaget for dei ulike namna. Det er kome inn eit innspel til anna namn på bru nr. 4. Forslagsstillaren føreslår Bukkholmestraumbua.

Høyringsfrist er 31. mars 2016. Eventuelle høyringsinnspel sender du til Austrheim kommune anten pr. brev eller mail.